



Arne Kirkebø
Straumesvingen 65
5151 STRAUMSGREND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1334 - 18/12881

Saksbehandlar:
Berit M.Eskeland
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:
14.06.2018

Krav om kontroll og utbetring av moglege feil på privat vassleidning

Meland kommune undersøker med jamne mellomrom hovudvassleidningane våre. Då vi den 03.05.2018 undersøkte vassleidningen på Sætre, fann vi fleire lekkasjar på dei private vassleidningane som ligg i Sætrevika hyttefelt. Lekkasjane vart funne ved mellom anna gbnr. 57/51, 57/50, 57/48, 57/57 og 57/37. Då Sætrevika hyttefelt er eit større område har kommunen ikkje hatt mogelegheit til å sjekke ut heile området for lekkasjar. Vi har likevel grunn til å tro at det kan vere fleire lekkasjar i området då leidningane ligg plassert oppå jorda og er utsatt for frost om vinteren. Dette skrivet vert difor sendt ut til alle eigarar i hyttefeltet.

Det er viktig at vasslekkasjane blir stoppa så raskt som mogleg og innan **20.08.2018**. I brosjyren som ligg ved dette brevet, finn du meir informasjon om utbetring av lekkasjar på vassleidningar.

Vi har lagt ved to skjema som vi ber dykk om å fylle ut og returnere til kommunen:

- Tilbakemelding på om du er eigar av vassleidningen – skal returnerast innan **06.07.2018**.
- Tilbakemelding om utført arbeid – skal returnerast så snart vasslekkasjane er utbeta

Dersom du har spørsmål, kan du ringje 56171000 eller sende e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Informasjonsfolder vasslekkasje

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:

Skjema for tilbakemelding om eigarskap til stikkleidning

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid